



Ingen er frie
før alle er frie

Styrk skeive sine rettar

Raudt ønskjer at alle menneskje skal kunne leva eit fritt liv. Det fordrar at me utvidar samfunnet sine normer for kjønn og seksualitet.

Ingen menneskje skal risikere å bli diskriminerte, trakasserte eller utsette for vald for å bryte med samfunnet sine mønster for kjønn og seksualitet. Trass framgangen i kampen for rettar er det framleis fordømmar mot personar som ikkje fylgjer tradisjonelle kjønns- rolle- mønster. For mange fører dette til at dei vel å skjule kjønn eller seksu- alitet i frykt for å bli utstøtt. Dette er eit stort helseproblem. Skule og arbeidsliv er viktige arenaar for å spreie informasjon og kunnskap, slik at alle kan leve trygt og ope, uavhengig av seksualitet og kjønnsut- trykk..

RAUDT JOBBER FOR:

- Å oppheve Rikshospitalets tittmonopol på behandling av kjønnsinkongruens og arbeide for eit desentralisert og verdig behandlingstilbod for transpersoner.
- Å innføre eit tredje juridisk kjønnsalternativ.
- At alle som har blitt tvunge til å kastrere seg for å få endra juridisk kjønn før lovendringa i 2016, skal ha rett på erstatning.
- At born som har fleire enn to foreldre skal vera sikra juridiske rettar til alle foreldre.
- At UDI og UNE må auke sin kompetanse på seksualitet og kjønns- identitet. Slik vil skeive asylsøkjjarar bli anerkjende og få vern på bakgrunn av seksuell orientering og/eller kjønnsidentitet. Mottakstilsette må også bli skulerte for å få aukt kompetanse på dette feltet. Berre slik vil det bli tryggare for skeive på mottak.
- At klasserommet skal vera ein trygg stad for alle.
- Læreplanar må gje aukt kunnskap om kjønn og kjønnsroller. Slik kan skuletilsette bidra til større openheit gjennom aktivt haldningsskapande arbeid. Skular som diskriminerar LHBTI+ ved tilsettingar skal miste statsstønad.

 facebook.com/roedt

 instagram.com/stemroedt